Dette er jo eit gamalt ønske, verkeleg ein etterlengta tunnel. Her reiser skuleungar og dagpendlarar og mange andre som bruker denne vegen kvar einaste dag, med hjartet i halsen. Det har vore stygge ras. Det er ei stor bekymring, særleg på dagane med dårleg vær. No får me endeleg denne tunnelen – sjølv med omvegar, får ein vel eigentleg seia, i saksbehandlinga. Fyrst låg den opphavlege, lange tunnelen der, som me aller helst skulle hatt, så kom forslaget om ein kortare og mindre sikker tunnel. No blir det ei mellomløsning som eg trur det skal gå an å leva med, og som iallfall ikkje inneber noko avvik frå tunnelsikkerheitsforskrifta. Det er bra.

Gratulerer til folk i Suldal og elles i Ryfylke med ein god tunnel og ein trygg veg!

Sigbjørn Gjelsvik (Sp) [15:51:03]: Det er ein utruleg viktig og gledeleg dag i dag – vi får behandla både nytt løp i Oslofjordtunnelen på E134 og kostnadsramme for rv. 13 Lovraeidet–Rødsliane. Så er det fleire representantar frå opposisjonen som uttrykkjer at dette gjerne skulle ha skjedd før, og det kan alle vere einige i, men det er altså Senterpartiet og Arbeidarpartiet i regjering som har sørgt for å bringe desse sakene fram, og sørgt for at Stortinget i dag kan gjere vedtak.

Eg registrerer òg at enkelte meiner at ein skulle hatt raskare framdrift på nokre prosjekt som ligg i framlagd nasjonal transportplan. Vel, den nasjonale transportplanen som låg føre frå Solberg-regjeringa, var ein urealistisk plan, med for mange prosjekt inne, spesielt etter at det kom ein kostnadsvekst på toppen. Det var behov for tyngre vektlegging, ei langt tyngre vektlegging, av å ta vare på det vi har, drift og vedlikehald, og det var mindre investeringar på både veg og bane, så det var behov for å gjennomgå det som låg i den planen. Trass i at vi hadde behov for å gjere ein nøyе gjennomgang og ei prioritering i forhold til den planen som låg frå før, har vi sørgt for det når det gjeld dei prosjekta vi snakkar om her i dag.

Når det gjeld rv. 13 Lovraeidet–Rødsliane, er det ei raskare framdrift med det vedtaket som vert gjort i dag, enn det som låg i gjeldande NTP. Viss ein ser på strekningane og dei ulike prosjekta på E134, låg ikkje Bakka–Mo ein-

gong inne i den førre nasjonale transportplanen. Den har vorte prioritert inn frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet i forslag til nasjonal transportplan no, i tillegg til at både Saggrenda–Elgsjø og Dagslett–E18 framleis ligg inne, og at vi no sørger for oppstart på nytt løp i Oslofjordtunnelen.

Eg er heilt einig med representanten Helleland om at det er særdeles viktig å sjå prosjektet om nytt løp i Oslofjordtunnelen og Dagslett–E18 i samanheng. Det forventar eg òg at Statens vegvesen gjer. Når ein frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet si side no sørger for fullfinansiering av det prosjektet i tolvårsperioden, er det òg ei klar forventning frå vår side om at Statens vegvesen sørger for ei fornuftig framdrift på dei prosjekta som ligg fullfinansierte i planen.

Frank Edvard Sve (FrP) [15:54:09]: Komitéleiaren vår har jo ei eiga evne til å dra på seg nye innlegg, og det klarte han no òg.

Ein gamal kar, ein klok kar, sa til meg at ei sak alltid har tre sider: mi, di og den rette. Og den rette er definitivt ikkje det representanten Gjelsvik uttrykker i alle fall når det gjeld omtalen av den urealistiske NTP-en frå 2021. Det som i alle fall er ein realitet, er at det har stått ganske så bom stille med nye prosjekt sidan 2021, då den nye regjeringa kom inn. Ikkje eitt einaste nytt prosjekt av dei seks prosjekta som var byggjeklare i 2021, vil verte starta opp før dagens regjering går av. Det er eit faktum, og det er rett, i alle fall. Det er også eit faktum når ein ser på realitetane i landet no. Det vert opna konkursar i store entreprenørselskap fordi det ikkje er oppdrag. Ein kan gjerne seie at ein har bygd så mykje gang- og sykkelveg og alt mogleg, og vedlikehaldsetterslepet, osv., men vedlikehaldsetterslepet har auka i desse åra. Den nasjonale transportplanen som regjeringa legg fram, fører til at vedlikehaldsetterslepet aukar dei fyrste seks åra, flatar ut dei neste seks åra, og på tolv år er det «break even». Det er realiteten – det er ei av dei tre sanningane, som eg sa i stad.

Og viss ein verkeleg ville gjere noko for å ta igjen etterslepet, og ein skulle prioritere f.eks. kvardagsvegane, som Senterpartiet så gjerne snakkar om: Kva gjorde ein då? I 2021 vart vi nedstemde på fylkesvegpakke – i 2022, i 2023 og i 2024. Kvar gong det vart diskutert, var det i NTP det skulle kome. Kva var det som kom no, angående kvardagsvegane og vedlikehald, f.eks.? Jo, 800 mill. kr til fylkesvegane per år – 800 mill. kr! Ein brukar 574 mrd. kr på riksvegane, som er 20 pst. av vegnettet. Ein skal bruke 5,1 mrd. kr i året på fylkesvegane, som altså er 80 pst. av vegnettet, og ein skulle verkeleg ta fatt på vedlikehaldet på kvardagsvegane. Det er fasiten som ligg her.

Ein kan sikkert diskutere at det er flott å sette prosjekt ut i tid, men det er ikkje det. Det å bygge landet er å ha framdrift og visjonar om å halde den framdrifta

jamt og trutt, og det burde vere slik, uansett kva regjering som kjem inn. Samferdsel må vi byggje for ein langtidspanne på 80–100 år, og då er det, som eg sa innleingsvis, alltid tre sider ved ei sak: mi, di og den rette. Det kan godt hende at eg kan ha sider som vi kan diskutere, men det er i alle fall ikkje dagens regjering si side som er den rette.

Statsråd Jon-Ivar Nygård [15:57:23]: Vi kan begynne med å slå fast at det siste innlegget i hvert fall ikke representerte det rette. Representanten Sve har vel ikke glemt hvilken situasjon vi var i i 2022: Det brøt ut krig i Ukraina, det var utfordringer i økonomien etter pandemien, det var behov for å holde tilbake offentlige investeringer for ikke ytterligere å bidra til prisstigning og press på rentene. Den konteksten må faktisk med når man debatterer hvorvidt regjeringen har holdt tilbake samferdselsprosjekter. Jeg mener det var klokt og riktig, men når vi nå er over i en ny fase, setter vi selvfølgelig fart igjen, og det har denne regjeringen gjort.

Når det er sagt, er det som representanten sier, heller ikke riktig. Vi behandler i dag proposisjonen for to prosjekter som skal starte opp. Ellers har vi Røldal–Seljestad, som har gått igjennom stortingsbehandling, vi har Hålogalandsveien, og vi har Sotra Link som prosjekter som er igangsatt på denne regjeringens vakt. Så det bildet representanten Sve forsøker å tegne, er i hvert fall ikke riktig.

Presidenten [15:58:32]: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 14.

Sak nr. 15 [15:58:39]

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Utbygging og finansiering av Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy i Rogaland (Innst. 336 S (2023–2024), jf. Prop. 68 S (2023–2024))

Presidenten [15:58:58]: Etter ønske fra transport- og kommunikasjonskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til inntil fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

Liv Kari Eskeland (H) [15:59:35] (ordfører for saka): Samferdselsdepartementet har i denne proposisjonen lagt fram forslag om delvis bompengefinansiering av Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy i Rogaland. Bypakken omfattar prosjekt på fylkesveg og kommunal

veg i Haugesund kommune og fastlandsdelen av Karmøy kommune. Bypakken vil avløysa det reviderte finansieringsopplegget for Haugalandet, kalla Haugalandspakken, som Stortinget har gjeve si tilslutning til. Bypakken skal m.a. realisera ny Risøyforbindelse, fleire veg- og gateprosjekt, ei rekkje gang- og sykkelvegprosjekt og trafikksikkerheits- og kollektivtiltak. Det vert lagt opp til at minst 50 pst. av midlane i pakken skal disponerast til gang- og sykkelveg og kollektivtiltak.

Med ny Risøy bru vert det vesentleg lettare å koma fram mellom Haugesund sentrum og Risøy. Kollektivtilbodet vert styrkt, og mjuke trafikantar får utvida gang- og sykkelvegnett. Næringstransport og regional transport vert sikra at det vert framkommeleg. Tiltaka vil medverka til å redusera forureining og trafikkstøy i sentrumsområda.

For å gjennomføra dette har lokale myndigheter vedteke delvis bompengefinansiering. Innkrevjingsopplegget byggjer delvis på dagens innkreving i Haugalandspakken, men vert utvida til to bomringer og i alt elleve bomstasjonar.

Den økonomiske ramma for bypakken er om lag 4,7 mrd. kr i 2024-kroner. Finansieringa er basert på bompengar og fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem kompensasjon frå staten for prosjekta i pakken. Utbygginga skal styrast etter prinsippa for porteføljestyling.

Komiteen har lagt vekt på at bypakken er forankra i konseptvalutgreiinga for Haugesunds-området, rapport frå den eksterne kvalitetssikringa og den påfølgjande avgjerda til Samferdselsdepartementet.

Bypakken er òg forankra i Regional plan for areal og transport på Haugalandet og i kommunale planar i Haugesund og Karmøy. Nødvendige vedtak er gjorde i dei respektive kommunane og fylkeskommunen før proposisjonen no er lagd fram for Stortinget.

Komiteen rår difor Stortinget til å slutta seg til utbygging og delvis bompengefinansiering av Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy i Rogaland, at bompengeselskapet Ferde AS får løyve til å ta opp lån og krevja inn bompengar, og at Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med nemnde selskap. I tillegg har eit mindretal lagt fram eit framlegg som eg legg til grunn at mindretalet gjer greie for.

Eg vil takka komiteen for godt gjennomført samarbeid og ser fram til innlegg som måtte koma i behandlinga av saka her.

Svein Harberg hadde her overtatt presidentplassen.

Sigbjørn Gjelsvik (Sp) [16:02:42] (leiar i komiteen): Det er ei viktig sak vi behandlar i dag, som har ein lang historikk og mykje prosess knytt til seg. Det er nettopp

det som kjenneteiknar mange av prosessane knytte til slike bypakkar, og som involverer både fleire kommunar og fleire aktørar, at ein over tid jobbar med både å finne ut kva slags behov som skal dekkjast, kva slags trafikkutfordringar ein må ta tak i både av små og store prosjekt – saksordføraren nemnde nokre av dei, bl.a. Risøyforbindelsen – og òg kva slags rekkefølge ein meiner at det skal gjennomførast i for å finne gode og heilskaplege løysingar og korleis det skal finansierast. Når vi då kjem dit at Stortinget skal behandle ei slik sak etter ein lang prosess, meiner eg at det er viktig at Stortinget faktisk viser tillit til dei prosessane som har gått, og at den lokale og breie oppslutninga om pakken som ligg der, òg vert følgt opp frå Stortingets side gjennom nødvendige vedtak.

Eg meiner det ville vere veldig uklokt av Stortinget om ein ved behandlinga no skulle ta omkampar når det gjeld bompengefinansiering. Det er mange argument å finne knytte til bompengar. Eg meiner ein skal vere særdeles på vakt for at bompengebelastninga for bilistane ikkje skal verte for høg. Men om ein ved sluttbehandlinga av ei sak som dette skulle ta opp den diskusjonen, ville det i praksis seie at finansieringsgrunnlaget for ein pakke, som ein har gått i lag om, ikkje lenger er til stades, og at det for viktige prosjekt som ligg i planen, dermed heller ikkje vil vere finansiering. Om ein ikkje må rykkje tilbake til start, vil ein i alle fall verte sett mange år tilbake i tid i saka.

Eg meiner det er særdeles viktig at ein no får vedteke denne saka. Det er store behov i området for å få ei vidareføring av det som har vore Haugalandspakken gjennom ei føreseieleg finansiering, der det òg kjem bidrag utover det som er bompengar, og at ein sørgjer for at saka vert løyst her i salen i dag.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:05:35]: Haugesund bypakke og nullvekstmål – eg trur ikkje det er ei stor overrasking at Framstegspartiet er mot det, men vi er ikkje mot byutvikling og det å skape god trafikkflyt og gode forhold for både bilen, gang- og sykkelveg og kollektiv i byane. I vår nasjonal transportplan – som vi på mange måtar har fremja, men held på å fremje, og vi skal jobbe den inn vidare i vårt arbeid i komité osv. – kjem vi til å vere tydelege på at vi skal ha ei byutviklingsordning. Den treng ikkje nødvendigvis å vere sånn som dagens bypakkar, der det er bilistane som skal betale gildet til alle andre. Sjølv om dei ikkje får bruk for verken gang- og sykkelveg eller kollektivt, er det bilistane som i denne pakken skal betale over 50 pst. av kostnadane. Det er ganske ulogisk.

Det er eit poeng at vi i dag opplever kø, kaos og fundamentalt rot i denne hovudstaden. Det er bypakke, det er hindringar, det er stenging av vegar. Når det er pro-

blem eller ein må stengje vegar grunna bygging, kva gjer ein då? Jo, då stengjer ein kanskje litt til, og så presterer ein å ta elbilane ut av kollektivfeltet. Det er nesten utruleg å sjå at det går an! Dette nullvekstmålet om at ein skal tru det ikkje er mogleg å ha både eit saumlaust trafikkmønster i byane og i tillegg til det ha kollektiv, gang- og sykkelveg osv., er ganske uforståeleg for meg og oss i Framstegspartiet.

Eg køyrer bil svært ofte i Oslo. Det er ikkje Oslo, for å ta det som døme, som er problemet mitt i byen, det er alt rundt. Det er systemløysingar som ikkje fungerer. Sånn er desse bypakkane rundt omkring. Det ser vi på bypakkar andre plassar. Det vert fokusert sånn på at ein skal lage så mykje rart inn i byane, med masse tiltak bilistane skal betale, og så gløymer ein heilskapen i trafikkmønsteret, som gjer at det faktisk berre vert kø og kaos der også.

Dagens bypakkeordning er utgått på dato. Ein må tenkje nytt, men ein må tenkje utvikling av byane også når det gjeld transport. Bilen er ikkje eit problem, bilen er ein del av løysinga. Det er ikkje dermed sagt at ein skal dunge alle bilane inn i sentrum, men det går faktisk an å bruke hovudet, for her kan ein ha mange tankar i hovudet samtidig.

Vi er mot bypakken. Vi er ikkje mot å byggje veg, men det går an å byggje veg utan bompengar. Nullvekstmålet burde iallfall vore skrota, og kjem vi i regjering neste haust, skal vi gjere det vi kan for at vi får ei fornuftig, saumlaus trafikk-løysing i byane. Dermed er også vårt forslag teke opp.

Presidenten [16:08:36]: Representanten Frank Edvard Sve har tatt opp det forslaget han refererte til.

Mona Fagerås (SV) [16:08:55]: Jeg skal ta debatten litt ned på jorda etter forrige debattant, til Haugesund.

Vi i SV mener norske byer og tettsteder skal bli mindre bilbaserte og mer framkommelige. Byer må planlegges slik at færre trenger bilen til jobb, barnehage og skole. Satsingen på kollektivtrafikk, sykkel og gange må trappes opp. Derfor er vi fornøyde med at Bypakke Haugesund kommer på plass.

Vi må ha et godt kollektivtilbud over hele landet, slik at alle kan komme seg dit de skal, på en enkel og miljøvennlig måte. Kollektivtransport bidrar til kutt i klimagassutslipp og renere luft. Kollektivsatsing gir også bedre trafikk-sikkerhet, mer attraktive bo- og oppvekstmiljøer og bedre framkommelighet for næringsliv, folk og nytte-transport.

Kollektivtrafikk er viktigst for dem som av ulike grunner ikke kan kjøre bil. Videre er det et godt mål for så mye at veksten i persontransporten i byområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Jeg må si jeg liker særlig godt at lokale myndigheter i Hauge-

sund har satt det som et viktig delmål at veksten i persontransport skal tas med gange, sykkel og kollektiv, og at minst 50 pst. av midlene i bypakken skal disponeres til dette. Jeg mener de lokale skal ha ros for å tilrettelegge attraktive alternativ til privatbilismen i dette tilfellet.

For øvrig mener jeg at flere byområder må innlemmes i ordningen med byvekstavtaler, for å sikre gode byområder og mindre klimagassutslipp, støv og støy.

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:11:18]: Det framlagte forslaget til Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy vil være et godt grep for at veksten i persontransporten kan skje med gange, sykkel og kollektiv. Etter min vurdering har lokale myndigheter utarbeidet et solid og godt forslag til bypakke med tilhørende forslag til finansieringsplan og takstopplegg.

Det overordnede målet for denne bypakken er som sagt at veksten i persontransporten skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Det er satt sammen en portefølje med prosjekter og tiltak hvor minst 50 pst. av midlene i bypakken skal disponeres til dette formålet for å nå dette målet.

Samlet økonomisk ramme for Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy er på 4,7 mrd. 2024-kroner. Finansieringen består i all hovedsak av bompenger og kommunale og fylkeskommunale midler. I tillegg skal merverdiavgift staten refunderer for prosjektene, tilbakeføres til bypakken.

Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy skal avløse det reviderte finansieringsopplegget på Haugalandet, og den omfatter utbygging og finansiering av en rekke nye prosjekter og tiltak. Bypakken omfatter prosjekter på fylkesvei og kommunal vei i Haugesund kommune og fastlandsdelen av Karmøy kommune.

Hovedelementene i bypakken er ny Risøyforbindelse, flere vei- og gateprosjekter, en rekke gang- og sykkelveiprojekter og trafiksikkerhets- og kollektivtiltak. Disse tiltakene vil bedre gang-, sykkel- og kollektivtilbudet, sikre lokal, regional og næringstransportens framkommelighet og medvirke til redusert forurensing og trafikkstøy i sentrum.

Det er lagt opp til bompengereinnkreving som bygger på Haugalandspakken, men det blir altså flere bompengestasjoner enn det som er lagt opp til der, og en innkrevingsperiode på 15 år med en grunntakst på om lag 15 kr for takstgruppe 1 og 30 kr for takstgruppe 2.

Det er porteføljestyrt. Det betyr at hvis det blir kostnadsøkninger eller inntektssvikt, vil det håndteres ved kutt i porteføljen.

Regjeringen har i NTP lagt opp til å videreføre tilskuddsordningen for klima- og miljøvennlig byutvikling og god framkommelighet i fem byområder. Haugesund er en av byene som kan være aktuelle for dette, for-

di man også kan oppfylle kriteriene knyttet til at byområdene forplikter seg til nullvekstmålet og å ha en bypakke som er behandlet av Stortinget.

Presidenten [16:13:58]: Det blir replikkordskifte.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:14:08]: Eg har eit spørsmål til statsråden som eigentleg handlar om sunn fornuft. I alle andre bompengeprojekt og alle andre samanhengar er det brukarane som skal betale – dei som har nytten av tiltaket som vert gjennomført. Det er eit prinsipp som ein på mange måtar kan ha sansen for – at ein betalar for det ein brukar. Slik er det i mange andre samanhengar også. Turistar må f.eks. betale når dei skal på toalettet, for å ta eit døme. Det er ikkje naturleg at dei som ikkje brukar toalettet, betalar. I bypakkene er det likevel bilistane som skal betale herlegdomen – over 50 pst. i bompengar i denne bypakka – som ikkje får nytte av tiltaka innan gang- og sykkelveg og kollektiv. Kva er forskjellen som gjer at dei må betale heile herlegdomen, i forhold til turisten inne i Geiranger som skal betale for toalettbesøket?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:15:08]: For det første er Fremskrittspartiet for bypakker. Det har historien vist. Når de har sittet med regjeringsmakt, har de lagt fram flere av dem. For det andre er vi som trafikanter sjelden bare bilister eller bare syklistar eller bare kollektivbrukende personer. Vi kan være en blanding og en miks. Når man lager bypakker, er hele poenget at man forsøker å flytte dem som kan, over på andre transportformer. Det frigjør kapasitet i veibanen til dem som må kjøre bil, til tungtransporten og til næringstransporten, så det er klart at man får nytte av det. Å framstille det som om en bypakke bare er elendighet for bilistene – selvfølgelig er det ikke det. I bypakker får man også utvikling av kapasitet for bilistene, og man får utvikling av kapasitet for kollektivtransporten. I sum er det bra for byområdene. Hvis ikke tror jeg ikke vi hadde foreslått det.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:16:08]: Eg fekk vel eigentleg ikkje svar på spørsmålet, som er konkret. Eg trur ikkje bilistane – når ein går i gatene her i Oslo, i kø og kaos, der folk er så sinte at det ryk av dei – er så einige i at det er så lukrativt å måtte betale for herlegdomen, når det står i sju steinar fordi kapasiteten er teken ned. Det tvilar eg sterkt på. Eg fekk ikkje svar på kva som er logikken i at bilistane skal betale over 50 pst. av den biten. Ein kan ikkje hevde at bilistane har 50 pst. effekt av ei bypakke dei ikkje skal bruke når det gjeld kollektiv, gange og sykkel. Det er jo heilt merkeleg. Eg vil at statsråden svarar på logikken i at bilistane skal betale ein så stor prosentdel av tiltak som dei slett ikkje får nytte av.

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:16:59]: Bypakker er lokalpolitiske valg hvor man foreslår tiltak, og man foreslår finansiering. I denne bypakken har man valgt denne miksen, på lik linje med andre bypakker som Fremskrittspartiet gladelig har fremmet for denne sal når de har sittet med regjeringsmakt. Men igjen: Det er ikke slik i en bypakke, selv om det er bilister som betaler bompenger, at ikke bilistene får nytte av investeringene, for hvis man investerer og gjør tilrettelegging for gange, sykkel og kollektiv, vil det frigjøre kapasitet for dem som må bruke veien. Den ideen om at det ikke er til nytte for bilistene, er rett og slett ikke begrunnet i et faktum.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:17:43]: Når det gjeld bypakkene i f.eks. Oslo eller i det området som denne saka gjeld, var eg bl.a. på eit møte for ikkje altfor lenge sidan der Statens vegvesen var veldig tydeleg på at det var eit veldig auka utviklingsbehov og eit veldig auka transportbehov. Samtidig høyrer vi at ein skal kutte i vegar, ein skal stengje vegar, ein skal ha fartsdumpar, ein skal fjerne alle parkeringar, og no tek ein også bilane ut av kollektivfeltet. Ein gjer det verst mogleg for bilisten, og så skal ein auke bompengennsatsane og bompengandelen for bilistane, opp mot 70 pst. eller kva det er. Statsråden kan ringe meg om han finner ein bilist i Oslo som han kan spørje om er så veldig fornøgd med det som skjer i desse bypakkene. Det er ikkje tilfellet at dei bypakkene som lager det vanskeleg og problematisk for bilistane, er så bra. Korleis kan dette framstå så bra som statsråden syner til?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:18:48]: Bypakkene er lokalpolitisk forankret, så representanten burde kanskje bli medlem i et bystyre i herværende by hvis man egentlig skulle ha reelle diskusjoner om det, for det er jo lokalpolitikere som gjør den typen valg. Når lokalpolitikere gjør den typen valg og blir gjenvalgt og viderefører den politikken, må man nesten anta at det er en viss oppslutning om denne typen bypolitikk. Det handler rett og slett om at de aller fleste erkjenner at byene våre blir bedre å bo i og utvikler seg bedre hvis vi sørger for å få en god miks mellom gange, sykkel, kollektiv og biltransport. Det er fordi at hvis vi skulle gjøre det motsatte, nemlig dimensjonere byene for en sterk trafikkvekst inne i byene våre, blir det ikke så trivelige byer å bo i. Dessuten blir det fryktelig dyrt, og noen må jo betale for å bygge ut den kapasiteten, så dette henger litt sammen. Når det er sagt, er bilen et utmerket transportmiddel som vi bruker mange steder i samfunnet vårt med godt hell, men det betyr ikke at vi skal ha tut og kjør inne i byene våre.

Presidenten [16:19:50]: Replikordskiftet er omme.

De talere som heretter får ordet, har også en taletid på inntil 3 minutter.

Tor Inge Eidesen (Sp) [16:20:07]: Jeg er fra Haugesund og måtte nesten ta ordet i denne saken.

Det er veldig gledelig at vi har en slik sak til behandling, for den er viktig for lokalsamfunnet. Det er utfordrende for fylkeskommuner og kommuner å finansiere nødvendig infrastruktur i lokalsamfunnet. Flere av talerne har vært inne på at det har vært en bompengepakke, Haugalandspakken, for et større omland fram til nå. Den er forlenget og varer ut neste år.

Det har vært en god prosess lokalt. En har funnet ut at løsningene for byområdet Haugesund og fastlands-Karmøy må være litt annerledes enn de er for veiene i distriktene rundt. Derfor har en landet på at vi må ha en bypakke, for med korte avstander, tett mellom de ulike bydelene og tettstedsdelene, er det et stort potensial for at flere kan gå, sykle eller bruke kollektiv.

En reisemønsterundersøkelse viser at bilen er utrolig mye brukt. På korte reiser, faktisk ned til under én kilometer, tar mine medborgere bilen for å kjøre til butikken, eller for å kjøre noen på skole eller trening. Det er helt meningsløst. Det handler litt om at vi ikke har en systemløsning, som en annen representant i salen sa i sitt innlegg, som i dag oppfordrer til at vi kan bruke noe annet enn bilen.

Jeg ser fram til at dette kommer på plass, for da kan de av oss som bor utenfor sentrum, som kanskje er nødt til å bruke bilen, få litt bedre plass på veiene, at vi får et system som gjør at rushtrafikken ikke går igjennom de mest trafikkerte områdene, slik som det er i dag. Blant annet vil en ny Risøyforbindelse, hvor svært mange pendlere bruker bilen i dag, nå bli dratt ut av sentrum og skape en helt annen dynamikk i mønsteret.

Flere har pekt på at denne bypakken er skreddersydd for tilskuddet til mindre byområder. Det er faktisk sånn at i den lokalpolitiske diskusjonen – det er ikke så lenge siden jeg var bystyreprerentant – var ønsket at vi skulle sette et mål ikke om nullvekst, men om en nedgang i personbiltrafikken. Det viser mulighetsstudiene som gjøres lokalt, og det sier noe om ambisjonsnivået, men for å passe inn i malen, må man ha nullvekst.

Det er veldig viktig at vi kan ha en slik tilskuddsordning som også stimulerer til mindre byområder, at man ikke bare har byvekstavtaler for de aller største byene. Vi trenger å kanalisere noe av veksten vekk fra de største byområdene til slike sentre som f.eks. Haugesund og fastlands-Karmøy er i dag. Jeg veldig glad for at Stortinget nå vedtar denne pakken.

Presidenten [16:23:09]: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 15.

Sak nr. 16 [16:23:12]

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Sylvi Listhaug, Frank Edvard Sve, Morten Stordalen, Hans Andreas Limi, Bård Hoksrud og Marius Arion Nilsen om bedre rammebetingelser for veteran- og entusiastkjøretøy (Innst. 334 S (2023–2024), jf. Dokument 8:126 S (2023–2024))

Presidenten [16:23:38]: Etter ønske fra transport- og kommunikasjonskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til inntil fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

Første taler er Trond Helleland, for sakens ordfører.

Trond Helleland (H) [16:23:58]: Sakens ordfører, Henning Wold, var inne for sakens egentlige ordfører, Erlend Larsen, som dessverre ikke er til stede i dag, så da falt det i mitt lodd å snakke om dette gode representantforslaget fra Fremskrittspartiet om å bedre rammebetingelsene for veteran- og entusiastkjøretøy.

Det er seks forslagsstillere, og en har åtte forslag, som hver for seg er ment å forenkle og forbedre tilværelsen som eier av veteran- og entusiastkjøretøy. Forslagene går bl.a. ut på å senke årsgrensen for hva vi definerer som veterankjøretøy, fra 30 til 25 år, kvaliteten på bensin, EU-kontroll for kjøretøy eldre enn 50 år, ombygging av kjøretøy til elektrisk drift, bruktimport fra Japan og Australia og regler for vraking av eldre kjøretøy.

Vi i Høyre er opptatt av å ta vare på veteran- og entusiastkjøretøy, som er en viktig del av vår levende kulturhistorie. Det er viktig at disse miljøene tas vare på, at kjøretøy har tilgang til drivstoff av god kvalitet, og at det er god tilgjengelighet på reservedeler. Kjøretøy er både hverdagstransport og kultur. Det er ingen tvil om at forslagene fra Fremskrittspartiet er fylt med gode intensjoner, men for vår del er vi opptatt av at trafikksikkerhet må ha førsteprioritet i alle sammenhenger. Derfor kan vi ikke støtte alle forslagene, men Høyre – og også Venstre, som ikke er til stede her nå – vil støtte to av de åtte forslagene. Vi støtter forslaget om å forenkle regelverket for mulig ombygging av kjøretøy til elektrisk drift og forslaget om å be regjeringen utrede å inkludere bruktimport av kjøretøy som oppfyller kjøretøyt tekniske krav i Japan og Australia, i bilforskriften § 5-3.

De øvrige forslagene kan vi dessverre ikke støtte. Å endre grensen for veterankjøretøy fra 30 til 20 år vil utvane veteranbegrepet og bidra til at flere tar vare på

gamle biler i stedet for å kjøpe nye biler. Eldre biler som går i hverdagsbruk, har ikke så gode sikkerhetsfunksjoner som nyere biler har. Ifølge Drivkraft Norge inneholder ikke 98 oktan E5 etanol og skal ha tilfredsstillende kvalitet. I dag er det en regel om at kjøretøy som er eldre enn 50 år som aldri eller svært sjelden brukes på offentlige veier, ikke må til EU-kontroll. Det er en god regel, men å la samtlige kjøretøy som er bygd før 1974, få slippe EU-kontroll, gir en økt trafikkrisiko og bryter med målsettingen om å få ned antall ulykker i trafikken. Bare som et eksempel: Andelen personbiler og varebiler som ikke ble godkjent ved periodisk kontroll i denne aldersgruppen, var på 38 pst. i 2023.

Med dette tar jeg opp forslagene Høyre er en del av.

Presidenten [16:27:00]: Da har representanten Trond Helleland tatt opp de forslagene han refererte til.

Sigbjørn Gjelsvik (Sp) [16:27:20] (leiar i komiteen): I denne salen er det ofte at vi mellom ulike parti kan vere veldig ueinige, men i denne saka har eg lyst til å rose forslagsstillarane frå Framstegspartiet for å setje eit viktig tema på dagsordenen, eit tema som engasjerer svært mange folk. Det viser det store antalet høyringsinnspel som vi har fått i behandlinga av denne saka i komiteen. Det er ikkje kvar dag at eit representantforslag i Stortinget fører til ca. 300 høyringsinnspel i prosessen i behandlinga.

Det har vore veldig interessant å lese mange av dei høyringsinnspela og det som har vorte teke opp av både kunnskap, erfaring og ikkje minst engasjement. Det som denne saka viser, er at bilen er eit framkomstmiddel i heilt nødvendige samanhengar, både i privatliv, i jobbsamanheng og til feriereiser. Men bilen er noko langt meir enn det. Bilen er historie, kultur og lidenskap. Bilen følgjer dei fleste av oss frå vogge til grav i mange av dei store situasjonane i livet.

Det er særdeles viktig å ta vare på og leggje til rette for det veteran- og entusiastmiljøet som ein har i Noreg. Mange av dei har eg hatt gleda av å møte og diskutere med, både då eg nyleg var på landsmøtet til Kongelig Norsk Automobilklub og i ei rekkje andre samanhengar når eg har vore på reise ulike plassar i Noreg.

Til dei konkrete forslaga: Det er viktige tema som vert tekne opp, men eg synest det gjennom svarbrevet til statsråden vert gjeve viktige faktaopplysningar og avklaringsknytte til fleire av forslaga. Det gjeld òg høyringsinnspel, eksempelvis frå Drivkraft Norge, som synleggjer at 98 oktan E5 ikkje inneheld etanol i Noreg og ikkje vert omsett i Noreg, og ein del av dei andre forslaga som er omtalte.

Vi meiner at det er riktig å behalde 30 års aldersgrense på veterankjøretøy fordi vi opplever det som både den gjengse oppfatninga av kva eit veterankjøre-

tøy er, og kva som er internasjonal standard. Vi meiner at det er viktig å sjå på regelverket knytt til ombygging til elektrisk drift, men som òg representanten Helleland har vore inne på, er det som går på sikkerheit – og i den samanheng òg sikkerheit for eksempelvis å ikkje skulle få brann – noko som er viktig å ha i bakhovudet.

Det er viktige forslag som vert tekne opp, og eg viser elles til dei merknadene som Senterpartiet er ein del av i tilrådinga.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:30:44]: Veteranbilar og entusiastkjøretøy engasjerer. Når ein ser landet rundt, er det ikkje tvil om at bil er kultur. Det er historie. Det er nokon som verkeleg bryr seg om det. Eg er heilt einig med dei tidlegare talarane som snakkar om at dette er noko som er med folk gjennom heile livet, og det er utruleg mange som er opptekne av det. Når vi ser engasjementet i forbindelse med høyringa, burde det eigentleg gjere noko med oss. Det er ikkje ofte ein får eit sånt engasjement i saker.

Difor er eg veldig skuffa over at ein ikkje klarer å ta inn over seg at det faktisk er mogleg å gjere større grep og endre rammevilkåra på slike område. Det hadde ikkje skada på nokon som helst måte å vere litt lausare i fisken rundt dette.

Eg køyrer enormt mykje bil i året, sikkert altfor mykje, men eg kan ikkje erindre at det er veterankjøretøya eller entusiastkjøretøya som er det store problemet på vegane våre. Nei, det er utanlandske bubilar som ligg der og tøffar i 60 km/t – det er ikkje veteranbilane. Det er ikkje veteranbilane som ligg knasa etter alvorlege ulykker. Nei, det er kanskje toppbilar og dei som kanskje er på min alder og trur at vi skal køyre ekstra knallhardt og er verdsmeistrar på vegen. Det er ikkje veteranbilane og entusiastbilane som er utfordringa, og difor burde ein kunne sjå litt meir på rammevilkåra.

Det er slettes ikkje bra at det er problem med omsyn til drivstoff. Det øydelegg desse bilane. Ein kan gjerne seie at det er opp til leverandørane osv., men vi er jo eit storting, og vi har ei regjering, og uansett kva for regjering det er, er vi på ein måte verdsmeistrar i å innføre EU-direktiv, EU-reglar, EØS og alt mogleg. Ein skal på ein måte tileigna seg alt mogleg og kan ikkje vere fleksible på den minste ting. Rammevilkåra innanfor dette området burde det definitivt kunne gått an å forenkla på ei rekkje område, og det er dei områda vi viser til.

Det er eigentleg ei gladsak i Stortinget å ha ei sånn sak, for dette er ei sak som verkeleg betyr noko for veldig mange. Det er trist at vi ikkje får gjort meir enn vi gjer, og eg synest det er litt leitt at ikkje fleirtalet kunne verte med på forslaget. Då kunne dei kanskje ha kome med litt andre forslag, som gjorde at vi drog dette inn og det vart positivt. Men ein er kanskje meir katolsk mot EU

enn paven er. Det ser nesten sånn ut, og det beklagar eg, for det er svært mange som har sett fram til ei forenkling av dette regelverket for veteranbilar og entusiastkjøretøy.

Eg tek opp forslaga våre.

Presidenten [16:33:45]: Representanten Frank Edvard Sve har tatt opp de forslagene han refererte til.

Jone Blikra (A) [16:34:04]: Jeg var nødt til å ta ordet på bakgrunn av representanten Sves innlegg, der han nærmest latterliggjør begrunnelsen for at man sier nei. Jeg vil understreke at den eneste begrunnelsen for det er trafikksikkerhet og liv og helse. Etter selv å ha jobbet i over 30 år i politiet vet jeg at bilene skal være i orden for at vi får maks trafikksikkerhet. De som driver med veterankjøretøy, har god kontroll på bilene sine, men ved å gjennomføre forslaget som Fremskrittspartiet her kommer med, kan det være andre grupper som benytter seg av muligheten, og som ikke har den veterantanken i hodet når det gjelder bruk av bil. Så den eneste begrunnelsen er rett og slett liv og helse og trafikksikkerhet, og det har ingenting å gjøre med at man er katolsk eller EU-tilhenger.

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:35:15]: Jeg slutter meg til dem som har gitt ros for at vi får denne typen debatter i Stortinget. Også jeg hilser dem velkommen.

Jeg vil også understreke at veteran- og entusiastmiljøet i Norge gjør en viktig jobb for å ta vare på kjøretøyhistorien vår. Det er kulturhistorie. Jeg har også merket meg, som representanten Sve ga uttrykk for, at det er et stort engasjement. Det viser jo 300 høringsinnspill. Jeg er opptatt av å ta vare på de interessene som dette miljøet har, men det er selvfølgelig viktig, som også representanten Blikra var inne på, at det ikke går på bekostning av trafikksikkerhet.

Jeg mener det ikke er grunnlag for å gå videre med hoveddelen av de forslagene som er fremmet, men et par vil vurderes nærmere. Jeg er glad for at et flertall i innstillingen er enig i dette og tilrår at representantforslaget ikke vedtas.

Forslaget om å endre årsgrensen for veterankjøretøy fra 30 til 20 år innebærer at svært mange kjøretøy vil få sterkt reduserte avgifter. Det kan dessverre føre til at flere gamle kjøretøy brukes utover det som er normal levetid, noe som selvfølgelig igjen vil utgjøre en viss risiko for trafikksikkerheten.

Fremskrittspartiet har gjennom flere skriftlige spørsmål og interpellasjoner etterlyst såkalt sikringskvalitet for E0. Etter min vurdering kan dette kun skje ved å pålegge private aktører å selge et produkt som markedet ikke etterspør i tilstrekkelig grad. Da må vi ha et system for å velge ut bensinstasjoner. I tillegg må det da etableres en

ordning hvor disse stasjonene kompenseres. Forslaget om sikringskvalitet vil være byråkratisk, det vil være svært inngripende i markedet, og jeg vil ikke anbefale en slik løsning. Dersom 98 oktan E0 tas ut av omsetningskravet, vil det kunne favorisere deler av drivstoffbransjen, og det vil igjen kunne gi økte klimagassutslipp.

Når det gjelder mindretallsforslag nr. 7 i innstillingen, vil jeg minne om at 50-årsregelen i PKK-direktivet er en snever unntaksbestemmelse. En betydelig økning i kjøretøy som kan være i bruk på veiene uten krav om periodisk kontroll av teknisk tilstand, vil også være uheldig for trafikksikkerheten.

Jeg vil, som nevnt i mitt brev til komiteen, sammen med Statens vegvesen vurdere behovet for å følge opp arbeidet med å gjøre det enklere å få godkjent konvertering av kjøretøy til elektrisk drift – og forslaget om forenkling av bruktimport for kjøretøy som oppfyller kravene i Japan og Australia, når AMCAR har presentert sine resultater av den varslede gjennomgangen. Videre vil Statens vegvesen arbeide for at definisjonen av historiske kjøretøy i ELV-direktivet også omfatter ombygde kjøretøy.

Så vil jeg bare si til slutt at Sve har helt rett. Det er jo ikke disse veterankjøretøyene som er problemet eller utfordringen, men de kan bli det hvis vi slipper løs.

Presidenten [16:38:11]: Det blir replikkordskifte.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:38:24]: Det har vorte sagt mange ganger at det er vanlege folks tur. Denne saka er definitivt vanlege folk opptekne av. Det viser også høyringane. Det er sikkert 300 høyringssvar som er komne inn, m.a. frå vanlege folk som er opptekne av veteran- og entusiastbilar.

Spørsmålet mitt er: Er det ikkje snart på tide at vi får ein avgiftslette på desse kulturbilane og på dette kulturområdet? Ein gjev støtte til kulturformål på alle andre område. Kunne ein frå statsråden sin ståstad sjå at det kanskje er vanlege folk – eigarane av veteranbilar og entusiastkjøretøy – sin tur, og at ein fekk ned avgiftene på desse kulturbilane?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:39:18]: Jeg er jo ikke finansminister, så dette ligger ikke under mitt ansvarsområde.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:39:26]: Det var jo eit raust svar! Men vi veit at ein samferdsleminister har sitt eige budsjett og sit i regjeringskonferanse og openbert vil kunne påverke det.

Når det gjeld både avgifter, retningslinjer og lovverk kan ein vri spørsmålet litt andre vegen. Det er vanlege folks tur til også å få redusert byråkratiet rundt dette. No var det slik at statsråden ville sjå på nokre område, og

det er eg glad for, for det er viktig. Men vil statsråden kunne gå ytterlegare inn og gjere det enda enklare for denne gruppa, som er veldig oppteken av alle desse flotte veteranbilane og entusiastkjøretøya?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:40:09]: Jeg deler representanten Sves entusiasme for det som skjer i disse miljøene. Vi har ingen intensjoner om at vi skal gjøre det vanskelig og byråkratisk for entusiastmiljøet eller veteranbilmiljøet. Det er det ingen grunn til. Men vi er veldig opptatt av at det ikke må kompromisere med trafikksikkerhet. Og når vi får så tydelige tilbakemeldinger fra Vegvesenet om hva slags effekter den type oppmyking som representanten Sve og Fremskrittspartiet har foreslått, kan innebære, må jeg sette foten ned på trafikksikkerhetens vegne. Det er ikke noe mer som ligger i det enn det.

Frank Edvard Sve (FrP) [16:40:48]: Det er slik at i debatten fokuserer ein på trafikktrygging. Det er eg for så vidt einig i, slik sett. Men vi har fremma mange forslag som ikkje akkurat gjeld det. Det gjeld fleire tiltak, etanolfri bensin, avgifter, og det gjeld byråkratiet rundt dette. Det håper eg inderleg statsråden kan gjere meir med, og eg håpar at statsråden kan imøtekomme alle dei som engasjerer seg rundt desse fantastiske bilane og den kulturen vi har i Noreg rundt alle veteranbilane. Det er bilar som er veldig gamle, og det er folk som verkeleg tek vare på dei. Det er ei kulturhistorie, bl.a. i min eigen kommune, Geiranger, som har mange bilar.

Vil statsråden love å vere framoverlent innanfor dette området framover?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [16:41:39]: Ja, det ønsker jeg å være, men når det gjelder de konkrete tingene, er de veldig godt begrunnet. Og apropos byråkrati: Det å innføre lovbestemmelser om hva slags drivstoff som skal selges på enkeltstasjoner, er byråkrati. Det er en vanskelig tilnærming til et fritt marked, som jeg egentlig ikke trodde Fremskrittspartiet heller var tilhenger av.

Når det er sagt, er det synliggjort også gjennom svarene vi har gitt til Stortinget, at det finnes bensin å få tak i, og det er et marked der. Så vil det selvfølgelig kunne oppstå utfordringer framover på det området, men foreløpig er ikke det så presserende at dette ikke lar seg løse for entusiastmiljøene.

Jeg heier på disse entusiastmiljøene, og jeg har vært på utallige utstillinger og show hvor vi også alltid har oppsøkt disse miljøene og har god dialog med dem. Men det betyr ikke at jeg er enig med dem i alt.

Presidenten [16:42:33]: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 16.

Dermed er dagens kart ferdig debattert. Forlanger noen ordet før møtet heves? – Så synes ikke. Møtet er hevet.

Møtet hevet kl. 16.43.

